

Lars S. Vikør:

## Kommentarar til vedtaka på nemndmøtet 11.-12. oktober

Innspurten på band 9 av Norsk Ordbok i november har gjort at eg ikkje får kommentert dette før no. Som tidlegare kommenterer eg berre slikt som eg er usamd i, eller der det kan vere grunn til å nyansere og problematisere.

*Verb med preteritum på -de eller -te:*

Dette er nok noko av det vanskelegaste i heile normalen, ikkje minst fordi det heng saman med samsvarbøyinga i perfektum partisipp. Her har de prøvd å regelfeste eit system samtidig som de gjer diverse unntak for enkeltord. Eg går ut frå at lista under ”førebeles vedtak” omfattar alle desse, sidan eg ikkje finn noko ”t.d.”, ”m.a.” eller liknande. Da blir det fire unntak under j-verba, og tjue under e-verba, fordelt på ei større gruppe som kan ha *-de* og ei mindre som kan ha *-te*.

J-verba: Berre éin detalj her: Når det gjeld parallellform til *skylje*, vil eg rå til *skylle* – *skyller* – *skylte* – *skylt*; eg trur *skyle* har for lite bruksgrunnlag (mest eldre tekster) til å komme i bruk som ny valfri form. I ”tradisjonsnynorsken” brukte dei elles *skyle* for ’skjule’, og det går enno an; det har de ikkje teke opp, det eg kan sjå (eller variasjonen *skjol* – *skjul*, for den del).

E-verb på *-m*: Dei bør ikkje behandlast saman med *-v*, *-d* og *-g*, for desse utgjer ei gruppe for seg, mens *-m* nok liknar meir på ”folkepensjonistar-gruppa” (som forøvrig er ganske heterogen, som de òg viser i oppstillinga). Eg er samd i at dei fire verba på *-m* som de nemner, får valfritt *-te* (men sjå nedanfor om *lime*), og dei burde få følgje av nokre fleire: *stemme*, som de ikkje har med i lista, og *temme* og *skremme*. *Fremme* er i dag også a-verb, og eg meiner det burde gjelde *gremme* òg. Eg har sjekka begge i korpuset. Når det gjeld *fremme*, så er formene *fremde* og *fremte* så vidt eg ser ikkje brukt, det er berre *fremja* og *fremma*, altså eintydig a-verb. Kanskje de kunne følgje bruken her og dermed lage normalen meir ”enkel og trong” på dette punktet? Og for *gremme* sin del, ser eg berre eitt *gremde*, men ei rekkje *gremma*. – Når det gjeld *lime*, så er det eit nyare ord som i utgangspunktet var obligatorisk a-verb, men som i 1959 fekk *-te* i tillegg. Eg kan ikkje sjå at *limde* har særleg grunnlag i bruken; korpuset viser 2 døme *limde* mot ørten *limte*, og den samsvarbøygde partisippen *limd* finst i det heile ikkje, mot masse *limt*, også i hankjønn. Kanskje *limde* ikkje slo igjennom fordi den eldre bruken hadde *lima*, mens dei meir ”moderne” føretrekte *limte*? Eg vil i alle fall anbefale at de følgjer bruken og sidestiller *lima* og *limte*, og lèt det bli med det.

Elles trur eg den mest sannsynlege utviklinga i denne gruppa er at *-te* ekspanderer, og at primært verb og ordformer med ”klassisk nynorsk” lydform beheld *-de*, særleg *drøynde* og dei andre i same gruppa. *Ylmast* er eit typisk ”tradisjonsord” som det er liten grunn til å gi ei ”moderne” og (kunstig) *-te*-ending.

Folkepensjonistar-orda: Her meiner eg at dei opplista verba godt kan ha obligatorisk *-de* (attåt *-a* i dei verba som også har det), for i dei fleste av dei vil *-te* vere lite aktuelle. Det gjeld særleg dei som har konsonantgruppe (*-mn-*, *-gn-*, *-gl-*), og dei som har diftong (*løynde*, *røynde*, *høynde*, *køynde*). Dette er gjerne tradisjonsord som er lite brukte med *-te*. Unntak er *tente av tenne*, sjølv om denne forma i skrift kolliderer med *tente av tene*, og også *brente* og (*er*)*kjente* bør vere aktuelle som unntak (altså med tillaten *-te*, som de foreslår).

Det er nokre større grupper som ikkje er behandla her: dei på *-ld*, *-nd*-, *-ng(j)*-. (Dei kan ikkje reknast saman med verba på *-d*- og *-g*-, sidan dei går annleis og i røynda høyrer mest til ”folkepensjonistar-gruppa”.) Men de har dei med i dei påfølgjande listene, og de vil gjennomføre *-de* i preteritum. Eg kan gå med på det når det gjeld *-ng*-, jamvel om somme av dei vanlegaste og mest umarkerte verba også er mye brukte med *-te* (*hengte*, *ringte*, *slengte*, *sprengte*, *stengte*) – men dei er truleg vel så vanlege med *-de*, og det blir nok for finurleg å lage stilistiske skilje mellom desse og slike ord som mest er ”tradisjonsord”.

Eg meiner at *-ld*- og *-nd*- er meir problematiske, av to grunnar: Fortidsformer utan *-t*- fører til lydlikskap med infinitiv (i tilfellet *eldest* blir det lydlikskap med presens), mens *-dte* formene klarare viser at det er preteritum. Samsvarbøyinga blir, her som elles, enklare med *-te*, og så har vi det forholdet at *-te* får ei sterk stilling etter *-n*. Eg vil anbefale at formene med *-dte* blir jamstilte i dei vanlegaste verba (*melde*, *hende*, *sende*, *vende*). Når det gjeld dei meir uvanlege, så er forholdet at *mylde* og *sælde* også kan vere a-verb, sjølv om det ikkje er nemnt i dette dokumentet, og slik bør det framleis vere. I korpuset er det svært få belegg med eit snevert kjeldegrunnlag, men likevel verkar det som at a-bøyinga dominerer (dvs. er noko brukt) mens *myld(t)e* og *sæld(t)e* knapt finst. Det kunne overvegast å gjennomføre *-a* her. Ved *elde* er e-bøying obligatorisk i rettskrivinga, men eg finn knapt slike former (*eld(t)e* i fortid) i korpuset. Heller ikkje *elda* er vanleg, anna enn i tydinga ’gjere opp eld; opphisse’. Den einaste vanlege ordforma basert på *elde* i denne tydinga er adjektivet *forelda*, og den forma er obligatorisk både i normalen og i bruken. Det er kanskje like greitt å gjennomføre *-a* i *elde* også, med sideblikk på at dette verbet truleg ikkje vil bli særleg mye brukt uansett? Men *eldast* er eit problem. Korpuset viser både *eldast* og *eldest* i bruk, mens *eldtest* ikkje er belagt. Men det ser ut til *eldast* og *eldest* vel så ofte er infinitiv og (for *eldest*) presens, men begge finst òg i fortid. Etter bruken kunne jamstilling mellom *eldast* og *eldest* helst komme på tale, og da bør vel *elde* behandlast parallelt. – Endeleg gjer eg særskilt merksam på verbet *skylde*, parallellform til *skulde* (med nokre ekstra tydingar, som eg har greidd ut for Norsk Ordbok). *Skyldte* er valfritt e-verb (motsett *skulde*) og skal som e-verb bøyast *skylder* – *skylde* [-dte] – *skyldt*. Eg vil sterkt anbefale at *skyldte* blir med i normalen – eit korpussøk antydgar at den er vanlegast (men *skylda* og *skylde* er vanskelege å vurdere i korpuset, fordi det er samanfallsprodukt mellom ulike ordformer). Eg foreslår her valfridom mellom *skylda* og *skyldte*.

*-rd*-: Både *gyrde* og *herde* er valfrie a- og e-verb i dag, og slik bør det framleis vere, altså preteritum *gyrde* og *herde* jamstilt med *gyrda* og *herda*.

Da set eg opp framlegga mine til avvik frå nemndframlegget i listeform, basert på drøftinga her ovanfor. Eg følgjer disposisjonen i listene ”Følgjer for ...” i vedtakspapiret, og bruker a-infinitiv som referanseform sidan de gjer det:

*-lj*-

Skylja: Foreslår inn skylla – skyller – skylte

*-ld*-

Eldast – eldast / eldest

Elda – elda / elde

Melda – melde / meldte

Mylda – mylda

Skylda – skylda / skyldte

Sælde – sælda

-nd-

Henda – hende / hendte

Senda – sende / sendte

Venda – vende / vendte

-rd-

Gyrda – gyrda / gyrde

Herda – herda / herde

-m(m)-

Fremma – fremma

Gremma – gremma

Lima – lima / limte

Skremme – skremde / skremte

Stemma – stemde / stemte

Temma – temde / temte

-gl-

Negla - neglde / negla

Sigla – siglde / sigla

-n-

Egna – egnde / egna

Femna – femna / femnde

Hemna – hemnde / hemna

Løyna – løynde

Nemna – nemnde

Regna – regnde / regna

Røyna – røynde

Stemna – stemnde / stemna

-r-

Høyra – høynde (men også høra – hørte, jf. tidlegare kommentar)

Køyra – køynde (men også kjøra – kjørte, som ovf.)

### *Samsvarbøying av perfektum partisipp*

Her står eg nemnda. Men det er eit problem med e-verba, nemleg forholdet mellom preteritum og partisippforma: *ein kjent politikar* og *kjente politikarar* heng eigentleg saman med preteritum *kjente*, mens *kjende* i preteritum også vil disponere for *kjende politikarar*. Eg har drøfta dette med Aud Søyland, som meiner at denne samanhengen mellom preteritum og samsvarbøygde perfektum partisipp er mindre verksam enn før. Eg er ikkje heilt overtydd om dette, og det burde greiast nærare ut for denne gruppa e-verb som heilskap.

### *Adjektiv med og utan binde-e*

For meg verkar det litt overflødig med *oppHAVEleg*, *makleg* og *appETITTEleg*; eg kunne tenkt meg å behalde status quo i alle tre. Det er litt annleis med *sjUKEleg*; der står eg nemnda.